

Hordaland fylkeskommune
Att: Fylkesrådmannen
Postboks 7900
5020 Bergen

Knarvik, 16.oktober 2014

Søknad om driftsmidler for 2015 på kr 200 000 (kfr vedlagte budsjett)

Nordhordlandspakken AS har gjennom året 2014 brukt mykje ressursar på å slutføra bompengesøknaden for ein Nordhordlandspakke del 1, med ei ramme på 1,3 Mrd. Hordaland Fylkeskommune får gjennom pakken finansiert og bygd viktige kollektivprosjekt, samt fylkesvegprosjekt i Nordhordland.

Det er ein klar føresetnad at tunnel mellom Knarvik-Isdal (FV57) og Nyborgtunnelen (E39) vert fasa inn gjennom seinare revisjonar av bompengesøknaden. Kommunane i Nordhordland har no gjort positive vedtak til pakken - nokre kommunar med tilleggspunkt.

Det er eit mål å få endeleg fylkeskommunal handsaming av pakken i fylkestinget sitt møte i desember. Vi vil vidare arbeide for at Stortinget handsamar pakken i 2015 – aller helst i vårsesjonen.

Det har i åra 2013 og 2014 vore arbeidd intensivt for å kunne få til eit samlande vedtak i dei ulike kommunane i regionen. Det har vore jobba mykje med innhaldet i pakken, og det er laga tilleggskdokument utover bompengesøknaden. I tillegg har styreleiar og konsulent etter førespurnad reist mykje rundt til kommunestyra i kommunane og kommunale partilag.

Selskapet har hatt høgare kostnader enn inntekter, og har difor opparbeidd seg eit udekka tap. Rekneskapen for 2013 syner ein negativ egenkapital på 125 000 kr, og egenkapitalen er difor tapt. Rekneskapen for 2014 er forventa gjort opp med eit positivt resultat på kr 50 000, og noko av det tapte vert dermed dekkja inn.

Av di selskapet ikkje har eigne driftsinntekter er vi avhengig av tilskott frå eigarane, og vi syner her til tidlegare års praksis og vedlagte budsjett for 2015, vedteke av styret på møtet 30.september 2014. Budsjett for 2015 legg opp til at egenkapitalen igjen skal verta positiv.

Søknadssummen vert fordelt slik:

- **Hordaland fylkeskommune kr 200 000 (40 % eigardel)**
- **Nordhordland Utviklingsselskap IKS kr 200 000 (40 % eigardel)**
- **Bergen kommune kr 100 000 (20 % eigardel)**

Selskapet sine største driftskostnader er kjøp av konsulenttenester, styrehonorar/dagleg leing og rekneskapstenester/revisjon. Det er heile tida eit mål for styret å ha ei så nøktern drift som mogeleg, og selskapet er frå årsskiftet 2012/13 ikkje lenger skattepliktig.

Vi håpar at pakken går gjennom i Stortinget til våren, og då vil dette vera siste året vi søker om driftstilskot. Nordhordland Utviklingsselskap IKS har allereie gjeve signal om medfinansiering av sin del.

Med dette søker vi om ei løyving på kr 200 000 og vonar på ei positiv tilbakemelding.

Ta gjerne kontakt for utfyllande informasjon.

Med venleg helsing

For styret



Pål Kårbø

-styreleiar Nordhordlandspakken AS-

Driftsbudsjett for Nordhordlandspakken AS for 2015

	Budsjett 2014	Prognose 2014	Budsjett 2015
Aksjekapital	100 000	100 000	100 000
Annan EK pr 1/1	-225 000	-225 000	-175 000
Netto EK pr 1/1	-125 000	-125 000	-75 000
		Prognose	2015
Inntekter:	2014	2014	2015
Tilskott frå Regionrådet i Nordhordland	250 000	250 000	200 000
Tilskott frå Hordaland Fylkeskommune	250 000	250 000	200 000
Tilskott frå Bergen kommune	125 000	125 000	100 000
Sum inntekter	625 000	625 000	500 000
		Prognose	2015
Kostnader :			
Kjøp av konsulenttenester/adm.tenester	270 000	340 000	180 000
Lønn/styreonorar	225 000	200 000	200 000
Regnskapshonorar/økonomi	20 000	20 000	20 000
Revisjon	10 000	14 000	15 000
Marknadsføring/brosjyre	50 000	0	0
Bank- kortgebyr	1 000	1 000	1 000
Sum kostnader	576 000	575 000	416 000
Resultat	49 000	50 000	84 000
Ny EK pr 31/12			
Aksjekapital	100 000	100 000	100 000
Annan EK pr 1/1	-176 000	-175 000	-91 000
Sum EK pr 31/12	-76 000	-75 000	9 000

Vedteke i styremøte 30. september 2014